

## **MØTEINNKALLING**

**Utval:** Komite for oppvekst

**Møtestad:** Einedalen skule

**Dato:** 24.08.2016

**Tid:** 14:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærmere innkalling.

---

Fosnavåg, 17.08.2016

Birgitte Sævik Pedersen  
Leiar

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 26/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 27/16	Protokoll frå førre møte
PS 28/16	Referatsaker
PS 29/16	Prosjekt 51408 - Einedalen skule - fleir brukshall - byggeprogram
PS 30/16	Prosjekt 61603 - Ny barneskule på Bergsøy - byggeprogram
	<b>Referatsaker</b>
RS 10/16	Høyring om endring i opplæringslova og friskulelova – skolemiljø.

PS 26/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 27/16 Protokoll frå førre møte

PS 28/16 Referatsaker



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1640
		Arkiv:	614

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
29/16	Komite for oppvekst	24.08.2016
	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016
	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

### PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL - BYGGEPROGRAM

#### Tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbruksaltsalutativ 1.**
- 2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.**
- 3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.**

#### Særutskrift:

Eigedomsavdelinga  
Skuleavdelinga  
Kulturavdelinga  
Bergsøy idrettslag – handballgruppa  
Økonomiavdelinga  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Hovudverneombodet

## **Vedlegg:**

### Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukskall – byggeprogram

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukskall.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

*Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for følgjande byggeprosjekt:*

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukskall*
- *Herøy ressurssenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbase*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukskall - fyl som prenta vedlegg 1.

### Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i følgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

## Prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukskall

Byggeprogrammet for Einedalen skule – fleirbrukskall - omhandlar bygging av ein fleirbrukskall som skal stette behova både for skuleavdelinga og for private lag og organisasjonar.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med skuleavdelinga (skuleleiar, rektor og verneombod ved Einedalen skule) og kulturavdelinga (kulturleiar).

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Bergsøy idrettslag – handballgruppa – har difor vore ein pådrivar for prosjektet og representert i prosjektgruppa ved Jan-Arild Gjerdsbakk.

### **Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ, begge ved Einedalen skule:**

#### Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativ 1 omhandlar bygging av ny fleirbrukskall med speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbruksallen føreslås for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbruksallen.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, mellom anna skal det for dette alternativet etablerast tribuneanlegg.

#### Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar bygging av ny fleirbrukskall med speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbruksallen føreslås også for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbruksallen.

Alternativt kan hallen plasserast ved dagens personalinngang til skulen. Ulempene ved dette alternativet er at hallen kan bli ruvande i forhold til skulens austlege fasade. I tillegg vurderer eigedomsavdelinga hallen som for plasskrevjande for utbyggingsområdet i tillegg til at trafikkavviklinga vert dårligare då nye parkeringsplassar fortsatt må etablerast i området ved SFO. Dette vil etter alle solemerker føre til at brukarane av hallen likevel parkerer i umiddelbar nærleik til hallen. Dette vil vere særslig uheldig for elevar og andre mjuke trafikantar, men vil også vere uheldig for prosjektet generelt.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, men dette alternativet er utan tribuneanlegg, noko eigedomsavdelinga vurderer som svært uheldig for anleggets attraktivitet og funksjonalitet.

#### Kostnadskalkyle

Eigedomsavdelinga har utarbeida ei kostnadskalkyle for prosjektet. Kalkyla byggjer på tal frå Norsk Prisbok, utarbeida av Norconsult AS, og basert på statistikk frå ferdigbygde prosjekt:

<b>Kostnad – utbyggingsalternativ 1</b>	<b>Kalkyle</b>
Byggekostnad eks. MVA	53 966 436,-
MVA	12 293 512,-
Byggekostnad inkl. MVA	66 259 948,-

<b>Kostnad – utbyggingsalternativ 2</b>	<b>Kalkyle</b>
Byggekostnad eks. MVA	42 382 319,-
MVA	9 539 218,-
Byggekostnad inkl. MVA	51 921 537,-

Kalkylene tek ikkje omsyn til eventuell prisstigning fram til byggestart.

#### Finansiering

Rådmannen vil søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplan for 2017-2020.

Prosjektet kan delvis finansierast ved hjelp av RDA-midlar på totalt kr. 7 mill., men vedtaket frå komite for næring, kultur og idrett (PS 17/15) føreset at prosjektet er gjennomført innan 31.12.2017. Det er umogleg, gitt at finansiering kjem på plass i budsjett for 2017.

Begge prosjektaalternativa kan få delfinansiering via tippemidlar. Alternativ 1 kan maksimalt gi kr. 10,7 mill. medan alternativ 2 kan gi maks kr. 7 mill.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Einedalen skule - idrettshall- utbyggingsalternativ 1.

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Dette begrensar aktivitetsnivået for handball, men også for andre brukarar av hallen. Rådmannen legg difor til grunn at det er eit kvalifisert behov for utviding av hallkapasiteten i Herøy.

Utbyggingsalternativ 1 er det mest framtidssetta utbyggingsalternativet då ein hall med tribuner aukar funksjonaliteten og brukarvennlegheita. Med tribuneanlegg kan også hallen avlaste Herøyhallen i større grad enn dersom den berre vert tilrettelagt for trening.

Rådmannen rår til at hallen vert plassert i bakkant av uteområdet ved Einedalen, då dette er det beste alternativet med tanke på trafikkavvikling i tillegg til at dette alternativet er til minst ulempe for Einedalen skule.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje vurdert.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert.

#### Konsekvensar for drift:


Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

# EINDEALEN SKULE

## Fleir brukshall

### BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i følgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Einedalen skule opna i 2010 og er barneskule for 230 elevar frå 1. til 7. trinn samt SFO.

#### Utbyggingsalternativ 1

Prosjektet omhandler bygging av ein fleir brukshall med speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m. ved skulen. Hallen skal ha fast publikumsamfi over materialrom.


Hallen skal fungere som ei sjølvstendig brukseining ved sidan av ordinær skuledrift.

#### Utbyggingsalternativ 2

Prosjektet omhandler bygging av ein fleir brukshall med speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m. ved skulen. Hallen byggast utan publikumsamfi.

Hallen skal fungere som ei sjølvstendig brukseining ved sidan av ordinær skuledrift.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



## INFORMASJONSPROSESSEN

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiar som kommunens byggherrrepresentant.

Prosjektleiarene koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 24 nr. 74:



## REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

## FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomen vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane ved skulen. Bygging av fleir brukshall på tomta inneber likevel ikkje krav til kompensert uteareal då skulen ynskjer at elevane skal nytte uteområdet ved byggets framside.

## NABOLAG

Eigedom grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

## GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eidegn gnr. 24 bnr. 74:



## REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

## FAKTISK BRUK

Utbyggingseidegdomen vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane.

## NABOLAG

Eidegdomen grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

## GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

Atkomst til prosjektet etablerast via eksisterande hovudatkomst til Einedalen skule.

## PARKERING

Byggherre har i førehandskonferanse med bygningsmyndighetene avklart at prosjektet utløyser eit behov for totalt 100 parkeringsplassar ved utbygging etter alternativ 1. Byggherre føreset at behovet vert redusert ved nedskalert utbygging.

### Tomtealternativ 1

Område for parkering er markert i situasjonsplanen nedanfor.



Det er allereie 25 parkeringsplassar, inklusiv 2 HC-plassar, innanfor skuleområdet som kan takast med i dimensjoneringa av parkeringsbehov for fleir brukshallen. Det er soleis behov for ei netto utbygging av omlag 75 parkeringsplassar, der omlag 5 plassar bør tilpassast HC-parkering.

### Tomtealternativ 2

Område for parkering er markert i situasjonsplanen nedanfor.



Det er allereie 25 parkeringsplassar, inklusiv 2 HC-plassar, i det området som fleir brukshallen er tenkt plassert. Desse plassane skal kunne nyttast også etter at prosjektet er ferdigstilt. Det er soleis behov for ei netto utbygging av omlag 75 parkeringsplassar, der omlag 5 plassar bør tilpassast HC-parkering.

## BEBYGGELSE

### Tomtealternativ 1

Fleir brukshallen skal byggast som sjølvstendig bygg med eigen hovedinngang frå nyestablaert parkeringsområde for prosjektet. Det skal etablerast overbygd uteareal for å sikre gangforbindelse mellom skulen og fleir brukshallen.

### Tomtealternativ 2

Fleir brukshallen skal byggast som eit tilbygg til Einedalen skule, men med eigen hovedinngang på bakkeplan i området ved dagens parkeringsområde og personalinngang. Fleir brukshallen og skulebygget skal samanbyggast slik at ein kan bevege seg innandørs mellom skulen og fleir brukshallen, både på grunnplan og i 1. etasje.

## ARKITEKTURISK UTTRYKK

### Tomtealternativ 1

Fleir brukshallen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig og søkast tilpassa terrenget og dei naturlege omgjevnadane på ein god måte.

#### Tomtealternativ 2

Fleir brukshallen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig Det er viktig at utsiktsforhold og innslepp av dagslys til skulens fasade aust vert ivaretakne på best mogleg vis.

#### **GRENSESNITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE**

Fleir brukshallen skal kunne nyttast sjølvstendig og uavhengig av skuledrifta.

#### **ANDRE RELEVANTE FORHOLD**

Ingen særskilte forhold.

<b>6.1</b>	<b>INNLEIING</b>
------------	------------------

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

Byggherre har særleg teke utgangspunkt i Byggforsk sine byggdetaljblad 341.706 og 379.201 i planlegginga. Likeins har ein vurdert byggeprogrammet opp mot rettleiar frå kultur og kirkedepartementet til planlegging, bygging, drift og vedlikehold av fleir brukshaller samt gjeldande kvalifikasjonskrav for tippemidlar.

<b>6.2</b>	<b>ALTERNATIV 1: FLEIRBRUKSHALL 25 x 45 M.</b>
------------	--

## PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjeket utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Speleflate</b>	<b>01</b>	<b>1125</b>	<b>1125</b>	Speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
<b>Ribbevegg</b>	<b>01</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	
<b>Buldrevegg</b>	<b>01</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	
<b>Tribuneanlegg</b>	<b>01</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	Fast installasjon over materialrom. Krav til 100 % siktline til speleflate.
<b>Materialrom</b>	<b>01</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	Felles materialrom for hallen. Skal delast i 3 like soner under tribuneanlegget.
<b>Trimrom</b>	<b>01</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
<b>Lege og sanitetsrom</b>	<b>01</b>	<b>15</b>	<b>15</b>	Krav til direkte atkomst frå utsiden for ambulansepersonell.
<b>Vaktrom og sekretariat</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Speaker- og sekretariatsfunksjon,. Må ha utsyn til speleflate.
<b>Kiosk</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	For sal av kioskvarer, ikkje tilbereding av mat.
<b>Garderobe - dame</b>	<b>02</b>	<b>30</b>	<b>60</b>	
<b>Dusjrom - dame</b>	<b>02</b>	<b>24</b>	<b>48</b>	
<b>Toalett - dame</b>	<b>02</b>	<b>02</b>	<b>04</b>	

<b>Garderobe HC - dame</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
<b>Garderobe herre</b>	<b>02</b>	<b>30</b>	<b>60</b>	
<b>Dusjrom - herre</b>	<b>02</b>	<b>24</b>	<b>48</b>	
<b>Toalett - herre</b>	<b>02</b>	<b>02</b>	<b>04</b>	
<b>Garderobe HC - herre</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
<b>Dommargarderobe</b>	<b>02</b>	<b>06</b>	<b>12</b>	Også for skulens undervisningspersonale.
<b>SUM NTA</b>	-	-	<b>1566</b>	-

## FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Publikumstoalett dame</b>	<b>03</b>	<b>02</b>	<b>06</b>	3 separate båser.
<b>Publikumstoalett herre</b>	<b>02</b>	<b>02</b>	<b>04</b>	1 separate båser + urinal.
<b>Publikumstoalettrrom HC</b>	<b>01</b>	<b>06</b>	<b>06</b>	
<b>SUM NTA</b>	-	-	<b>16</b>	-

## DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Teknisk rom</b>	<b>01</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	VVS, sprinkler og IKT
<b>Tavlerom</b>	<b>01</b>	<b>01</b>	<b>01</b>	Separat frå teknisk rom.
<b>Reinhaldssentral</b>	<b>01</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	Med utslagsvask og slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
<b>Bøttekott</b>	<b>01</b>	<b>02</b>	<b>02</b>	I eventuell 2. etasje.
<b>Lager</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Reinhald
<b>Lager</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	For eksterne brukarar

Varelevering	01	10	10	
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
<b>SUM NTA</b>	-		<b>84</b>	-

## ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovedinngang	01	-	-	Krav om vrimleareal og sosial sone.
Trapp / trapperom	01	-	-	
Heis / heisrom	01	-	-	
Inngang tribune	02	-	-	
Varelevering	01	-	-	
<b>SUM NTA</b>		-	-	-

## UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav til utandørs arealdisponering:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplass	70	20	1400	
Parkeringsplass - HC	5	30	150	
<b>SUM</b>	-		<b>1550</b>	-

6.2

**ALTERNATIV 2: FLEIRBRUKSHALL 23 x 44 M. FOR BANE 20 X 40 M.**

## PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Speleflate</b>	<b>01</b>	<b>1012</b>	<b>1012</b>	Speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
<b>Ribbevegg</b>	<b>01</b>			
<b>Materialrom</b>	<b>01</b>	<b>70</b>	<b>70</b>	Felles materialrom for hallen. Skal delast i 3 like soner.
<b>Trimrom</b>	<b>01</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
<b>Vaktrom og sekretariat</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Speaker- og sekretariatsfunksjon,. Må ha utsyn til speleflate.
<b>Garderobe - dame</b>	<b>02</b>	<b>30</b>	<b>60</b>	
<b>Dusjrom - dame</b>	<b>02</b>	<b>24</b>	<b>48</b>	
<b>Toalett - dame</b>	<b>02</b>	<b>02</b>	<b>04</b>	
<b>Garderobe HC - dame</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
<b>Garderobe herre</b>	<b>02</b>	<b>30</b>	<b>60</b>	
<b>Dusjrom - herre</b>	<b>02</b>	<b>24</b>	<b>48</b>	
<b>Toalett - herre</b>	<b>02</b>	<b>02</b>	<b>04</b>	
<b>Garderobe HC - herre</b>	<b>01</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
<b>Dommargarderobe</b>	<b>02</b>	<b>06</b>	<b>12</b>	Også for skulens undervisningspersonale.
<b>SUM NTA</b>	-	-	<b>1398</b>	-

## FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD

<b>Publikumstolett dame</b>	01	02	02	
<b>Publikumstolett herre</b>	01	02	02	
<b>Publikumstolett HC</b>	01	06	06	
<b>SUM NTA</b>	-		<b>10</b>	-

## DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Teknisk rom</b>	01	25	25	Ventilasjon, sprinkler og IKT
<b>Tavlerom</b>	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
<b>Reinhaldssentral</b>	01	20	20	Med utslagsvask og slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
<b>Lager</b>	01	10	<b>10</b>	Reinhald
<b>Lager</b>	01	10	<b>10</b>	For eksterne brukarar
<b>Avfallsrom</b>	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
<b>SUM NTA</b>	-		<b>72</b>	-

## ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyser slike krav:



FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Hovudinngang</b>	01	-	-	Krav om vrimleareal og sosial sone.
<b>Trapp / trapperom</b>	01	-	-	
<b>Heis / heisrom</b>	01	-	-	
<b>SUM NTA</b>	-			-

## UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav til utandørs arealdisponering:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplasser	40	20	800	
Parkeringsplasser - HC	2	30	60	
<b>SUM</b>	-		<b>860</b>	-

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSALTERNATIV	NTA	BTA
Utbyggingsalternativ 1 - Fleir brukshall 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m.	1658	2156
Utbyggingsalternativ 2 - Fleir brukshall 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m.	1462	1901

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2014/1398
		Arkiv:	614

Utvalseksnr	Utval	Møtedato
30/16	Komite for oppvekst	24.08.2016
	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

### PROSJEKT 61603 - NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - BYGGEPROGRAM

#### Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for ny barneskule på Bergsøy.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte forutsatt naudsynt finansiering.

#### Særutskrift:

Eigedomsavdelinga  
Skuleavdelinga  
Økonomiavdelinga  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Hovudverneombodet

## **Vedlegg:**

### Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 61603 – Ny barneskule på Bergsøy – utkast til byggeprogram

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16
2. K-sak 128/14
3. K-sak 172/13
4. K-sak 27/13

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 61603 – Ny barneskule på Bergsøy.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

*Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for følgjande byggeprosjekt:*

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbruksshall*
- *Herøy ressurssenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbane*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for ny barneskule på Bergsøy fyl som prenta vedlegg 1.

### Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i følgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfølgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

## Prosjekt 61603 – Ny barneskule på Bergsøy

Byggeprogrammet for ny barneskule på Bergsøy omhandlar eit nybygg på kommunal eigedom mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule.

Den nye skulen legg til rette for ei samanslåing av Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen til ei organisatorisk eining samstundes som funksjonelle manglar ved Bergsøy skule Blåhaugen vert løyste gjennom omdisponering og ombygging av areal.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med skuleavdelinga, herunder rektor ved Bergsøy skule Borga, rektor ved Bergsøy skule Blåhaugen og verneombodet for dei tilsette og er i all hovudsak identisk med den funksjons- og arealanalyse som kommunestyret godkjente for prosjektet i K-sak 128/14.

Byggeprogrammet må sjåast i samanheng med kommunestyrets tidlegare vedtak om å bygge ny barneskule på Bergsøy, sjå K-sak 27/13 og K-sak 172/13 i uprenta vedlegg 3 og 4.

### Generelle føresetnadar for den nye skulen:

#### **Bergsøy skule**

Byggeprogrammet føreset at Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen vert slått saman til ny ein Bergsøy skule, med ein rektor og ein assisterande rektor.

#### **Klasserom**

Byggeprogrammet føreset at skulen vert bygd som ein tradisjonell klasseromsskule, med tre klasserom à 30 elevar pr. trinn. Kvart trinn skal ha eigen inngang til garderobe, klasserom og grupperom.

#### **Auditorium**

Det er i programmet lagt inn 2 auditorium for samling av heile trinnet.

#### **Arbeidsrom for lærarar**

Analysen føreset at skulen vert bygd med sentralisert arbeidsrom for undervisningspersonalet på alle trinn (1. til 7. trinn). Ein har lagt til grunn at arbeidsromma må tilpassast dei krav som fyl av arbeidsplassforskrifta.

### Utbyggingstomt

Analysen føreset at skulen vert bygd på kommunal eigedom mellom dagens Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule. Kommunestyret vedtok slik lokalisering i K-sak 172/13.

Utbyggingsområdet er om lag 28 mål stort. Eigedomen er regulert til offentleg formål. Eit mindre område er stripereregulert til næringsformål og må anten omregulerast eller dispenserast frå ved utbygging.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at ein ny skule bør plasserast slik at trafikkavvikling i hovudsak kan leggast til sørsida av dagens skulebygg, retning Myklebustvatnet. Dette vil i stor grad kunne løyse dei trafikale utfordringane som brukarane av

Sirlihaugen barnehage, Bergslia barnehage, Bergsøy skule Blåhaugen, Ytre Herøy ungdomsskule og Bergsøy skule Borga opplever i dag.

### Særskilt om Bergsøy skule Blåhaugen

Bergsøy skule Blåhaugen har funksjonelle manglar som heilt eller delvis kan løysast gjennom byggeprosjektet:

#### **Arbeidsrom**

Dagens arbeidsrom stettar ikkje dei krava som ein ser kjem i form av meir bunden arbeidstid på skulen. Då skal der også vere samtalerom og telefonrom i tilknyting til arbeidsromma.

#### **Grupperom**

Skulen har stor mangel på grupperom og møte-/samtalerom.

#### **SFO-areal**

Dagens SFO-areal med aktivitetsareal, spiseareal og garderobe er for lite, jf. kutt i areal då skulen vart bygd. Med ein auke i elevtalet, jf. prognosene for den nye skulen, vil arealet for SFO verte for lite.

#### **Personalgarderobe**

Reinhaldspersonalet har ikkje tilgang til personalgarderobane i dagens bygg.

#### **Reinhaldssentral**

Reinhaldssentralen vert nytta av anna personell enn reinhaldspersonellet. Sentralen står difor tilgjengeleg for alle, noko som er uheldig med tanke på sikker lagring av reinhaldsmateriell. Reinhaldspersonalet har heller ikkje plass til alt sitt utstyr i sentralen, slik den er i dag. Sentralen er også plassert inn til arbeidsrom/kontorsone, noko som er uheldig med tanke på støy.

Dersom arbeidsrom, personalrom og administrasjon vert felles på nybygget kan tilsvarande areal på Blåhaugen byggast om til meir grupperom, SFO-areal og lager. Møterom for vaksne kan vere felles i det nye bygget medan grupperom for mindre elevgrupper samt samtalerom for tilsett/elev må ligge i nærleiken av undervisningsarealet ved Blåhaugen.

Ein må også vurdere kvar skulen sitt bibliotek skal vere. Truleg vil det vere mest framtidsretta å nytte dagens bibliotek ved Blåhaugen til arbeidsrom, SFO-areal og grupperom på Blåhaugen og så bygge nytt felles skulebibliotek på det nye bygget.

### Særleg om Internasjonal skule

Internasjonal skule held i dag til ved Bergsøy skule Borga, men har sjølv meldt at dei ikkje ynskjer sambruk av areal ved den nye skulen. Analysen føreset såleis at lokale for Internasjonal skule vert handtert som eige prosjekt og at dei fortsett bruken av Bergsøy skule Borga så lenge det er praktisk mogleg.

### Særleg om Ytre Herøy ungdomsskule

Bygging av ny barneskule på Bergsøy inneber at Bergsøy skule Borga i etterkant kan nyttast som mellombelse undervisningslokale for Ytre Herøy ungdomsskule.

Bygging av ny barneskule er såleis ein viktig premiss for rehabiliteringa av ungdomsskulen i tillegg til at den nye barneskulen tidvis kan avhjelpe dei

funksjonelle manglar som ungdomsskulen lir under. Ungdomsskulen kan såleis tenkast å bruke allrom/gymsal til sine samlingar av skulen.

#### Kostnadskalkyle

Eigedomsavdelinga har utarbeida ei kostnadskalkyle for prosjektet. Kalkyla byggjer på tal frå Norsk Prisbok, utarbeida av Norconsult AS, og basert på statistikk frå ferdigbygde prosjekt:

Kostnad	Kalkyle
Byggekostnad eks. MVA	145 688 804,-
MVA	31 995 810,-
Byggekostnad inkl. MVA	177 688 614,-

Kalkyla tek ikkje omsyn til eventuell prisstigning fram til byggestart. Kalkyla tek heller ikkje omsyn til kostnadene til ombygging av Bergsøy skule Blåhaugen eller kostnadene til infrastruktur utover det som er naudsynt for etablering av skulen. Det er i gjeldande økonomiplan avsett kr. 500 000 til planlegging av slike tiltak i 2017 og kr. 4 000 000 i 2018 til gjennomføring. Desse kostnadane kjem i tillegg til kalkyla ovanfor.

#### Finansiering

Rådmannen vil søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplan for 2017-2020.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for ny barneskule på Bergsøy.

Den nye barneskulen vil lyfte skuletilbodet på Bergsøy eit vesentleg hakk opp, isolert sett som ny barneskule, men også sett i samanheng med dagens Bergsøy skule Blåhaugen. Sambruk av funksjonar og areal kan løyse mange av dei funksjonelle manglane desse bygga lir under i dag.

Bygging av ny barneskule inneber alternativ bruk av dagens Bergsøy skule Borga. Rådmannen vil fremme sak om alternativ bruk av dette, men ikkje før ny barneskule er utbygd. Bygging av ny skule legg også grunnlaget for etterfylgjande rehabilitering av Ytre Herøy ungdomsskule då Bergsøy skule Borga kan fungere som mellombelse undervisningslokale for i byggefase.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Bygging av ny barneskule vil betre inneklimaet og andre arbeidsmiljøfaktorar for både tilsette og elevar. Prosjektet legg også til rette for ei vesentleg tryggare trafikkavvikling i området, til glede for både born, foreldre, tilsette og andre brukarar av bygningane.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert.

#### Konsekvensar for drift:


Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

# NY BARNESKULE PÅ BERGSØY

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i følgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.


Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Bergsøy skule består i dag av to avdelingar: Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen. Skulane har kvar sin administrasjon, rektor inkludert.

Prosjektet omhandlar bygging av ny barneskule på Bergsøy. Skulen skal erstatte dagens Bergsøy skule Borga.

Som del av prosjektet skal Bergsøy skule Blåhaugen byggast om for samanslåing med ny Bergsøy skule til ei organisatorisk eining.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



## INFORMASJONSPROSESSEN

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiar som kommunens byggherrrepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 29 bnr. 39 mm.:



## REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

## FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomen er ubebygd og vert delvis nytta som uteområde for Bergsøy skule Blåhaugen.

## NABOLAG

Eigedomen ligg innanfor eit større område bestående av kommunale barnehagar, skulebygg, kulturhus, idrettspark og privat bustadbebyggelse.

## GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

## **ATKOMST**

Atkomst til prosjektet etablerast via kommuneveg Lisjebøvegen over eksisterande parkeringsplass og hovedatkomst for Bergsøy skule Blåhaugen.

## **PARKERING**

Parkering etablerast gjennom utviding av eksisterande parkeringsplass ved Bergsøy skule Blåhaugen.

Som del av prosjektet skal det også etablerast "Kiss and goodbye"-funksjon for elevar og føresette i krysset Lisjebøvegen / Borgarhaugvegen.

## **BEBYGGELSE**

Den nye skulen skal etablerast som ny skule for 4. til 7. trinn med organisatorisk samanslåing av Bergsøy skule avd. Blåhaugen og Bergsøy skule Borga til ny Bergsøy skule for 1. til 7. trinn.

### Elevfunksjonar

Skulen skal byggast som ein fleksibel skule med 3 parallelklasser à 30 elevar. Med 4 årstrinn utgjer det omlag 360 elevar.

Kvart årstrinn skal ha sin eigen byggseksjon med inngang/garderobe, toalett, klasserom og grupperom av ulik storleik. I tillegg skal det vere eit areal for formidling til heile trinnet samla.

Klasseroma skal i størst mogleg grad være tilrettelagt for undervisning for alle. Dette inneber fleksible løysingar for opning/lukking inn mot tilgrensande klasserom, nærliek til grupperom og høve til skjerming av elevar der dette trengst.

### Digitale læremiddel

Skulen skal tilretteleggast for bruk av digitale læremiddel /utvikling av digitale ferdigheter i tråd med krava i Kunnskapsløftet. Det skal difor vere plass til elektroniske tavler og whiteboard i klasseroma.

### Praktisk-estetiske fag

I tillegg til undervisningsareal for kvart årstrinn, skal der vere eit felles undervisningsareal for praktisk-estetiske fag som musikk, kunst og handverk, mat og helse, naturfag, bibliotek og gymnastikksal/allrom.

### Personalfunksjonar

Ein ynskjer å samle personalet i eitt felles arbeidsrom då dette styrker samarbeidet

på tvers av trinna. Arbeidsrommet må vere sentralt plassert i bygget for å vere nær elevane og slik at ein lett kan orientere seg frå hovudinngang.

Arealet for arbeidsrom må også innehalde samtalerom og telefonrom der lærarar kan ha skjerma samtalar med elevar, føresette og eksterne samarbeidspartnarar.

Der må vere gode støtteareal for lagring av materiell og utstyr, samt for administrasjon, personalrom og møterom.

#### Spesialutstyrte areal

Spesialutstyrte areal omfattar areal som krev ekstra installasjonar knytta til støy, støv, gift eller fare. Dette gjeld særleg areal til naturfag, kunst og handverk, mat og helse, musikk og kroppsøving. Utforminga av den einskilde funksjon skal styrke eigenarta til faget.

Dei spesialutstyrte areala er felles for alle undervisningstrinn men bør leggast lett tilgjengeleg for dei alderstrinna som nytter funksjonane mest. Det må også sikrast enkel varelevering til dei funksjonar der dette krevst.

#### Base for elevar med behov for stell og pleie

Kommunestyret har gjort vedtak om felles base for barnetrinnet ved Einedalen skule og for ungdomstrinnet på Ytre Herøy ungdomsskule. Base er i den samanheng definert som areal for elevar med behov for stell og pleie.

På nye Bergsøy skule vil det det likevel vere behov for kvilerom, treningsrom etc. for elevar med særskilde behov. I tillegg må eit eige rom for spesialundervisning vurderast saman med eit rom med meir læremiddel og utstyr enn det som vert plassert ute i grupperomma.

#### Uteområde

Uteområdet omfattar både parkeringsareal og uteareal for elevar og tilsette. Effektiv og sikker trafikkavvikling er viktig og må sjåast i samanheng med trafikk til og frå andre barnehagar og skular i området.

### **ARKITEKTONISK UTTRYKK**

Den nye skulen skal ha ei moderne formspråk og utnytte fordelane ved direkte og indirekte dagslys.

### **GRENSESNITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE**

Bygget bør tilpassast eksisterande nivåforskjellar i terrenget og sikre god flyt i

samanbygginga med Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule.  
Leikeareal bør utnytte terrenget og høgder i bygget, t.d. til buldring.

## **ANDRE RELEVANTE FORHOLD**

Prosjektet skal generelt tilstrebe arealeffektivitet, sambruk og fleksibilitet og i størst mogleg grad unngå døareal i form av korridorar, trapper mm.

Trapper og korridorar bør også kunne nyttast til gruppесamlingar av ulik storleik.

**6.1****INNLEIING**

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

**6.2****NY BARNESKULE**

Bygging av ny barneskule på Bergsøy utløyser slike funksjons- og arealkrav:

### **FUNKSJONAR FOR DET ENKELTE KLASSETRINN**

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Garderobe</b>	01	100	100	Garderobe for 90 elevar (30x3) med ei grovsone og ei finsone. Bør delast inn (visuelt eller fysisk) for kvar klasse.
<b>Toalett</b>	05	02	10	
<b>Toalett HC</b>	01	06	06	
<b>Utandørs toalett</b>	01	02	02	Sluk i gulv.
<b>Klasserom</b>	03	90	270	<p>30 elevar pr. klasserom.</p> <p>Viktig å unngå dagslys ift. whiteboard og elektronisk tavle. Difor krav til berre ein vindusvegg pr. klasserom. Skjerming mot innsyn frå fellesareal av omsyn til elevane si arbeidsro.</p> <p>Kvadratisk utforming vurdert som meir hensiktsmessig enn rektangulær. Klasseromma atskilt med foldevegg på del av vegg. Krav til lydtett skille.</p> <p>3 handvaskar pr. klasserom</p>
<b>Lite grupperom</b>	01	15	15	For 5 elevar. Skjerming mot innsyn og utsyn er viktig for elevens læringsituasjon.
<b>Stort grupperom</b>	02	45	90	For 15 elevar. Skjerming mot innsyn og utsyn er viktig for elevens læringsituasjon.
<b>Auditorium</b>	01	72	72	For 90 elevar. Areal for formidling for heile trinnet samla. 2årstrinn bør kunne dele eitt auditorium.

<b>Nærslager</b>	01	08	08	Lager for bøker, papir og utstyr i det daglege. Rektangulær form med dør i kortende. Dør slår ut.
<b>SUM NTA</b>	-	-	<b>574</b>	
<b>SUM 4 SEKSJONAR</b>	-	-	<b>2150</b>	<b>Merknad:</b> Areal for auditorium x 2, ikke x 4

## SPESIALUTSTYRTE AREAL

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Kunst og handverk</b>	1	65	65	<u>Verkstad for tre &amp; metallarbeid</u> Arbeidsplass for 20 elevar. Plass til skap for oppbevaring av verktøy.
	1	12	12	<u>Maskinrom</u> Bandsag, sirkelsag, høvle/dreiebenk. Skap til verktøy/utstyr. Nødvendig avtrekk.
	1	12	12	<u>Materiallager</u> Enkel tilgang for materialleveranse. Felles varelevering også til skulen ellers. Bør difor ligge på grunnplan med Bergsøy skule Blåhaugen.
	1	65	65	<u>Verkstad leire/maling/teikning.tekonologi, design:</u> Arbeidsplass for 20 elevar. Nødvendig avtrekk. Keramikkovn må vurderast.
	1	65	65	<u>Tekstil</u> Arbeidsplass for 20 elevar.
	2	8	16	<u>Elevarbeidslager</u> Rektanguler form. Dør på kortvegg. Dør slår ut.
<b>Naturfag</b>	1	90	90	For 30 elevar. Naturfagsfunksjonen bør plasserast mot yttervegg, konf. mulighet for undervisning ute og dyrking av vekster. Oversiktlegheit, demonstrasjonar og elevaktivitet. Felles arbeidsbord/demonstrasjonsbord.
<b>Musikk / allrom / bibliotek</b>	1	200	200	Nær mat og helse. God golvplass ift. dans og rørsle. Rom for å låse inn piano.
	3	15	45	<u>Grupperom/øvingsrom</u> For 3 elevar. Lydtett celle. Undervisning individuelt og i gruppe.

	<b>1</b>	<b>15</b>	<b>15</b>	<u>Lager</u> Lager med plass til instrument og rekvisita. Dør slår ut.
	<b>1</b>	<b>40</b>	<b>40</b>	<u>Stollager</u> Dimensjonert for 200 stoler. Dør slår ut.
	<b>1</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	<u>Lager for eksterne</u> Dør slår ut.
<b>Mat og helse</b>	<b>1</b>	<b>70</b>	<b>70</b>	For 20 elevar. Bør ligge i nærleiken til allrommet. Generelt bør mat/helse takle omstilling til matservering i undervisningstida. 5 kjøkkenstasjonar. Ein stasjon tilrettelagt for rullestolbrukar. Tilrettelagt for teoriundervisning / elektronisk tavle.
	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<u>Tørrvarelager og anna utstyr</u>
	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<u>Kjøl/frys</u>
	<b>1</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<u>Vask/stryk</u>
<b>Kroppsøving</b>	<b>1</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<u>Gymsal</u> Kombinasjon gymsal / samlingsrom for alle elevar på skulen. Scene bør inn som del av gymsal.
	<b>2</b>	<b>50</b>	<b>100</b>	<u>Elevgarderobe</u>
	<b>2</b>	<b>12</b>	<b>24</b>	<u>Elevgarderobe HC</u>
	<b>2</b>	<b>12</b>	<b>24</b>	Personalgarderobe skal også fungere for personalet generelt, ikkje berre ved bruk av gymsal.
	<b>1</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<u>Utstyrslager</u> Dør slår ut.
<b>SUM NTA</b>	<b>-</b>		<b>1137</b>	-

## SPESIALPEDAGOGISKE FUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD

<b>Spesialpedagogiske rom</b>	<b>1</b>	<b>15</b>	<b>15</b>	God hyllelass til lærermiddel og utstyr, arbeidsstasjonar for 2 elevar
<b>Treningsrom</b>	<b>1</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	Rom med ribbevegg og plass til ball/matte, der m.a. fysio kan trenre med elevar
<b>Kvilerom</b>	<b>1</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	I tilknyting til spes.ped.rom, plass til kvilebenk
<b>Kjøkken</b>	<b>1</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	Tekjøkken/kjøkkenkrok
<b>Toalett HC</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	
<b>SUM NTA</b>	<b>-</b>		<b>53</b>	-

## PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Resepsjon m/tillegg</b>	<b>1</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Sentralt plassert, "hjerte i bygget". Bør vere tilrettelagt for datamaskin for tilsette mm. (reinhaldarar).
<b>Lager/arkiv/kopi</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	I tilknyting til resepsjon, må kunne låsast. Kopiering/maskiner plassert skjerma av omsyn til støy, støv og luft.
<b>Kontor rektor</b>	<b>1</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	Plass til møtebord for 4 personar
<b>Kontor ass. rektor</b>	<b>1</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	
<b>Ekstra kontor</b>	<b>1</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	Skjerma arbeidsstasjon for helsesøster, IKT mm.
<b>Møterom - lite</b>	<b>1</b>	<b>16</b>	<b>16</b>	Plass til 8 personar, skjerma mot innsyn..
<b>Møterom - stort</b>	<b>1</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	Plass til 20 personar, høve til å opne mot pauserom skjerma mot innsyn.
<b>Pauserom / personalrom</b>	<b>1</b>	<b>75</b>	<b>75</b>	For 50 tilsette, assistentar og reinhaldarar inkludert. Arealutnytting som opnar for kontakt og samhald, dvs. ikkje langt og smalt. Kjøkkenkrok med oppvaskmaskin, kjøleskap, kaffimaskin og naudsynt skaplass. Mikrobølggeomn, plaketopp.
<b>Toalett</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>6</b>	
<b>Toalett HC</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	
<b>Garderobe</b>	<b>1</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	For 50 tilsette, assistentar og reinhaldarar inkludert. Skal ligge i tilknyting til arbeidsrom.

				Dusj i tilknyting til personalgarderobe ved gymsal.
<b>Arbeidsrom</b>	<b>7</b>	<b>49</b>	<b>343</b>	7 arbeidsrom (1 pr. trinn) med 7 arbeidsstasjonar fpr. rom. Ein arbeidsstasjon pr. rom dedikert til assistent, med tilgang til data.
<b>Møteplass</b>	<b>1</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	Ein møteplass for 8 personar i tilknyting til arbeidsromma. Lokalisert i nærleiken av kontora, men likevel slik at ein kan kome til kontor utan å gå gjennom arbeidsromarealet.
<b>Kopirom</b>	<b>1</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	Plass til kopimaskin i tilknyting til arbeidsromma, avskjerma mtp. lyd mm..
<b>SUM NTA</b>	<b>-</b>		<b>596</b>	-

## STØTTEFUNKSJONAR

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Lager - IKT</b>	<b>1</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Skulens behov avgjer lagerbehovet her. Dør slår ut.
<b>Lager - naturfag</b>	<b>1</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	I tilknyting til spesialrom. Enkel tilgang for varelevering. Må kunne låsast. Dør slår ut.
<b>Lager - K &amp; H</b>	<b>1</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Plass til ulike typer material. Enkel vareleveranse og plassering. Dør slår ut.
<b>SUM NTA</b>	<b>-</b>		<b>56</b>	-

## DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Teknisk rom</b>	<b>1</b>	<b>70</b>	<b>70</b>	Teknisk for nybygget åleine. VVS, el-, tele- og automatsjon, straummålar. IKT
<b>Tavlerom</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	
<b>Reinhaldssentral</b>	<b>1</b>	<b>30</b>	<b>30</b>	Kvadratisk utforming. Vogner, koster/skaft, moppe maskin, kjøleskap, benk, vask, blandebatteri hurtigkopling, sluk i golv. Dør slår ut.

<b>Bøttekott</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>16</b>	Utslagsvask. Sluk i gulv. Hyller og ladepunkt for reinhaldsmaskin. Dør må slå ut i gang. Det må vere bøttekott i kvar etasje og eventuelt i ulike soner/fløyer på etasja.
<b>Lager</b>	<b>1</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	Lager for toalettpapir, tørkepapir mm. 2 m. breidde. Det kan vere mulig å lagre andre rekvisittar her også. Dør må slå ut.
<b>Avfallsrom</b>	<b>1</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	Felles for ny skule og dagens Blåhaugen. Kjøling. Sluk i golv. Tilkomst frå utvendig port 1200 mm.
<b>SUM NTA</b>	<b>-</b>		<b>120</b>	-

## ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyser slike krav:

<b>FUNKSJON</b>	<b>Antal</b>	<b>Areal</b>	<b>Sum</b>	<b>MERKNAD</b>
<b>Hovudinngang</b>	<b>1</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	
<b>Personalinngang</b>	<b>1</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	Personalinngang i nærleiken av arbeidsromma til lærarane.
<b>Elevinngang</b>	<b>4</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	Separat inngangsparti til kvart klassetrinn.
<b>Trapp / trapperom</b>	<b>1</b>			Trapp bør også kunne nyttast til større gruppесamlingar (amfi).
<b>Heis / heisrom</b>	<b>1</b>			Sentralt i bygget, lett tilgjengeleg når ein kjem inn hovudinngang.
<b>Varelevering</b>	<b>1</b>			
<b>SUM NTA</b>	<b>-</b>			-

## UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav:



<b>FUNKSJON</b>	<b>Antal</b>	<b>Areal</b>	<b>Sum</b>	<b>MERKNAD</b>
<b>Personalparkering</b>	<b>01</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	Plass til min. 50 bilar. Skjerma frå elevarealet.

<b>Giss and goodbye</b>	01	-	-	"Kiss and goodbye"-sone i krysset Lisjebøvegen / Borgarhaugvegen.
<b>Grøntareal</b>	01	-	-	Amfi med flaggstong. Elles minst mogleg plen/busker av omsyn til etterfylgjande drift.
<b>Leikeareal</b>	01	-	-	Soner med alderstilpassa aktivitetar/apparat. Ballbinge for dei eldste elevane.
<b>SUM</b>	-	-	-	-

## BERGSØY SKULE BLÅHAUGEN

Organisatorisk samanslåing av Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen frigjev areal ved Blåhaugen skule som skal byggast om til areal for både SFO, grupperom, møterom og lager. Tiltenkta areal for ombygging er markert i vedlagte kartskisse.

Etimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSALTERNATIV	NTA	BTA
Ny barneskule	4112	5346

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

## Referatsaker

## Referatsaker

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Saksnr 2016/986	Arkiv A20	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar SKU / SLR	Dato 11.07.2016
--------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

## **HØYRING OM ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA OG FRISKULELOVA – SKULEMILJØ.**

Djupedalsutvalet har forslått fleire endringar i Opplæringslova, relatert til elevane sitt skulemiljø.

Viser til Kunnskapsdepartementet sine forslag til lovendringar, med høyringsfrist 1.august 2016.

Kommunen har vurdert høyringsforsлага i KS sine organ og stiller seg bak følgjande uttalar:

1. Kommunen støttar forslaget om at fylkesmannen fortsatt skal vere klageorgan og ha mynde til å handheve tiltak. Hovudårsaka til dette er at saker om mobbing og trakkassering ofte er komplekse og må sjåast i samanheng med andre paragrafer i Opplæringslova og kommunane sitt tenestetilbod. Det er derfor hensiktsmessig at fylkesmannen har eit samla ansvar for oppfølgjing av heile Opplæringslova og tenestetilbodet.
2. Kommunen støttar forslaget om at Barneombodet si rolle som uavhengig ombod for å ivareta interessene til barn og unge på overordna nivå, skal styrkast. Ei samanblanding av roller som ombod, forvaltningsorgan og eventuelt sanksjonsorgan, vil svekke rolla som fullmektig for barn og unge.
3. Skuleigar si rolla må tydeleggerast i lovverket. Dette gjeld både offentlege og private skuleigarar. Rolla må definerast i høve juridisk og økonomisk ansvar, samt aktivitetsplikt.
4. Skuleigar må i lovverket sikrast høve til kontradiksjon i samband med ei eventuell klagesak.
5. Tvangsmulkt må nyttast kun i særlege høve, og lova må formulerast slik at dette kjem tydeleg fram. Det krevst ei nærmare vurdering av heile saksomfanget før ein slik sanksjon kan nyttast.

Viser elles til KS sine uttalar til NOU 2015:2 Å høre til (Djupedalsutvalet si utgreiing)

Med helsing

**Sølvi Lillebø Remøy**  
Skulesjef, Herøy kommune







# HERØY KOMMUNE

## Skuleavdelinga

### SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2009/336
		Arkiv:	B00

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
100/09	Formannskapet	05.05.2009
57/09	Kommunestyret	14.05.2009

### PLAN FOR FOREBYGGANDE ARBEID FOR BARN OG UNGE 2009-2012

#### Tilråding:

Plan for forebyggande arbeid for barn og unge 2009-2012 vert godkjend.  
Planen vert å revidere årleg.

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samråystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 14.05.2009**

Plan for forebyggande arbeid for barn og unge 2009-2012 vert godkjend.  
Planen vert å revidere årleg.



## Vedlegg: Plan for forebyggande arbeid for barn og unge, 2009-2012

### SAKSOPPLYSNINGAR

#### Bakgrunn:

*Styringsgruppa for forebyggande arbeid for barn og unge* har vore i arbeid i fleire år. I K-sak 45/01, i samband med handlingsprogram 2001-2004, vart det avsett midlar som skulle vere til rådvelde for gruppa. Seinare har det vore nytta psykiatrimidlar og andre prosjektmidlar til felles tiltak. Rusforebyggande tiltak og haldningsskapande arbeid har hatt sterkt fokus. MOT-prosjektet har vore det dominerande tiltaket innanfor den økonomiske ramma styringsgruppa har disponert.

Styringsgruppa har vore samansett av leiarar frå dei ulike fagavdelingane i kommunen, som har ein funksjon inn mot arbeid for barn og unge. Dette har vore: Helse, Skule/PPT, Barnehage, Kultur og Barnevern/Sosial.

Samarbeidspartnarar har vore Politi, Tannhelse og Interkommunal styringsgruppe for forebyggande arbeid.

Gruppa har fungert som eit samordningsorgan for prosjekt og tiltak i det forebyggande arbeidet, med utveksling av erfaringar, tankar og idéar.

I januar 2008 kjende styringsgruppa behov for å konsolidere status. Det vart stilt spørsmål ved om styringsgruppa faktisk var ei styringsgruppa, eller om det heller var eit informasjons- eller samrådingsforum. Ein stoppa derfor opp, skaffa seg oversikt over prosjekt og tiltak, samt reflekterte over vegen vidare. Det var nødvendig å gjere denne vurderinga for å skape engasjement for ei event. vidareføring av arbeidet.

I denne prosessen vart vi bevisste på følgjande:

- Det foregår svært mykje forebyggande arbeid retta inn mot barn og unge. Noko er primærforebyggande, t.d. haldningsskapande arbeid og rettleiing i svangerskapsoppfølgjing, helsestasjon, skulehelsetenesta, skular og barnehagar, idrett og frivillige lag og organisasjonar. Noko er sekundærforebyggande, der ein arbeider mot spesielle grupper i høve ein oppstått situasjon eller eit problem. Noko er tertiarforebyggande, der ein set inn tiltak overfor enkeltpersonar eller mindre grupper for å avgrense følgjene av eit problem.
- Fagavdelingane har for dårlig kunnskap om kvarandre sine lovverk og ansvarsområde, mål og tiltak.
- Det forebyggande arbeidet generelt, og det primærforebyggande spesielt, vert lite snakka om og gjort kjent både politisk og administrativt.
- Det er fleire tverrfaglege nettverk som er i gang, nokre fungerer svært godt, andre kan kanskje effektiviserast eller samordnast med andre.

## **Prosess**

Med bakgrunn i refleksjon, bevisstgjering og ny kunnskap, bestemte styringsgruppa seg for å ta eit langt steg vidare i det forebyggande arbeidet. Gruppa ville utarbeide ein felles plan for det forebyggande arbeidet, med felles, overordna mål og strategiar. Dei ulike fagavdelingane sine mål og tiltak skulle bygge opp under, og henge saman med, desse.

Dette arbeidet hadde ikkje vore gjort før, og det vart ein møysommeleg og svært lærerik prosess. Fagavdelingane har i prosessen lært kvarandre å kjenne på ein ny måte. Vi har fått god oversikt, meir respekt for kvarandre sitt arbeid, samt kjennskap til ansvars- og arbeidsområda i eit breiare perspektiv. Vi har sett behovet for samordning og målretting på fleire område, og vi har generelt fått større forståing for verdien av det forebyggande arbeidet. Samtidig har vi med oss erkjenninga av at effekten av det primære forebyggande arbeidet, kan vere vanskeleg å måle. Likevel kan vi ikkje unnlate å arbeide på dette området, med tanke på at behovet for sekundær- og tertiærforebyggande tiltak då vil kunne bli langt større.

Døme:

Sluttar vi å vaksinere barn og unge mot farlege sjukdommar, vil behovet for medisinsk behandling seinare auke.

Sluttar vi å tilby oppfølgjing av foreldre og barn i helsestasjon, vil fleire familiar og barn kunne utvikle åtferd og haldningar som kan føre til seinare problem, og ein vil ikkje avdekke forhold som krev tiltak, tidleg nok.

Sluttar vi å drive haldningsskapande arbeid mot rus, mobbing, etc. i skulane, vil fleire elevar falle ut og få behov for ekstra tiltak.

ProsesSEN har også gitt oss erkjenninga av at det var på høg tid vi fekk utarbeidd denne felles plattforma som planen no er, nettopp for å vite om kvarandre og i langt større grad arbeide tverrfagleg for å oppnå endå betre resultat.

## **Planen**

Planen viser breidda i det primære forebyggande arbeidet i kommunen, der det viktigaste er å legge til rette for eit lokalsamfunn som forsterkar barn og unge sine mulegheiter for å kunne leve eit godt liv.

I tillegg viser planen det sekundær- og tertiærforbyggande arbeidet, der vi synleggjer det sterke og tverrfaglege apparatet som skal stille opp og setje inn tiltak for dei barn og unge som får vanskar og slit med livet sitt, samt gripe inn når barn og unge lid overlast.

Planen skal vere styringsgruppa og kommunen sitt overordna arbeidsverktøy i det samla forebyggande arbeidet. Han forpliktar i forhold til felles kompetanseutvikling, tverrfagleg samhandling og felles rutiner for å fange opp og for å handle.

Internkontrollen skal omfatte oppfølgjing av status på tiltak og program i samband møta i styringsgruppa, samt ein årleg revisjon av heile planen.

---

## **Kommuneoverlegen sin uttale**

Plan for forbyggande arbeid barn og unge 2009 – 2012 er eit viktig dokument som legg grunnlag for ei heilskapleg forståing for det forebyggande arbeid sitt kunnskapsgrunnlag og arbeidsmetoder, samstundes som ansvaret for arbeidet vert tydeleg forankra. Han legg eit godt grunnlag for å vidareutvikle samhandling mellom alle som er ansvarlege for å leggje tilhøva til rette for ei sunn og god utvikling for barn og unge, samstundes som ansvaret for tiltak når det er naudsynt, vert tydeleggjort.

Dei lovkrava kommunen er stilt overfor i Kommunehelselova, m.a. § 1-3 (Oppgaver under helsetjenesten) og § 2-2 (Barns rett til helsekontroll) vert imøtekommne.

## RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Styringsgruppa har gjort eit stort og viktig arbeid. Koordinering av førebyggjande arbeid overfor barn og unge er kanskje dei vanskelegaste utfordringane i kommunen. Det er særleg viktig at det er ei heilskapleg tenestekjede for heile førebyggingsarbeidet på tvers av tenesteområda. Eg tenkjer da på både det primær-, sekundær- og tertiærforebyggjande arbeidet. Det primærforebyggjande vil alltid vere viktig. Det er positivt at ein i utarbeidinga av planen har fått fram kor mykje som vert gjort på primærforebyggjande området. Det sekundær- og tertiærforebyggjande arbeidet vil måtte få særskilt fokus da vi ser at vi har store utfordringar med å fange opp barn med særskilte behov tidleg nok. Tidleg oppdaging er avgjerande for å setje inn tiltak før ting utviklar seg og går for langt. Ein indikator for dette er praksisen for bekymringsmeldingar. Rådmannen har innført rapportering. Det vil verte arbeidd nærmere med rapporteringsrutinene for å få meir informasjon om kvar rettast fokus for å lykkast med tidleg oppdaging.

Det vert arbeidd på fleire felt med desse problemstillingane. Interkommunalt vert det arbeidd gjennom styringsgruppa for førebyggjande arbeid mellom kommunane på ytre sore. Det er vidare på oppmoding frå Fylkesmannen søkt om statlege skjønsmidlar til eit prosjekt for m.a. å etablere kvalitetssystem og utvikle kompetanse for å sikre tverrfagleg samarbeid overfor barn og unge, og for å sikre at tiltaka og samarbeidet faktisk vert følt opp. Denne søknaden er forankra i problemstillinga som framgår av rapport frå Helsetilsynet som slår fast at det i 90 av 114 undersøkte kommunar har avvik i høve samordning av tverrfagleg samarbeid i høve barn og unge.


I Herøy vert det parallelt arbeidd med organisasjonsutvikling for å få betre samordning av førebyggjande arbeid for barn og unge i høve både struktur og kultur i organisasjonen.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Skuleleiar (leiar for styringsgruppa)



Sunnmars-  
kart



## Plan for

# forebyggende arbejd for barn og unge

# 2009-2012

**Styringsgruppa for arbeidet:**

- Sølvi Lillebø Remøy, leiar skule, leiar for gruppa
- Lilly Åse Skogen, leiar sosial/barnevern
- Andreas Kvalsund, leiar kultur
- Eldrid Gryt, leiar ppt
- Elisabeth Slettestøl, leiane helsesøster
- Laila Solhaug, leiar barnehage
- Bjørn Martin Aasen, kommuneoverlege
- Randi Kvalsund Taklo, helsesøster, sekretær for gruppa

**Samarbeidspartnarar:**

- Per Otto Myklebust, lensmann
- Elisabeth Nordahl, den offentlege tannhelsetenesta
- Elin Almestad, interkommunal koordinator

## NOKRE DEFINISJONAR

### **Primærforebygging**

Generelle rammeverk i samfunnet, eller konkrete tiltak retta mot breie, definerte grupper, for å hindre at problem, skade eller sjukdom oppstår.

### **Sekundærforebygging**

Tiltak for avgrensing av varigheit og omfang av eit oppstått problem

### **Tertiærforebygging**

Tiltak for å avgrense følgjene av eit oppstått problem, med ein glidande overgang til behandling.

## FORKORTINGAR

PMTO= Parent Management Training Oregon

ICDP= International Child Development Programme

## VISJONAR

1) Alle barn og unge skal ha god helse og gode oppvekstvilkår

2) Alle barn og unge skal gjennom familie, barnehage, skule og fritid utvikle god sosial og etisk kompetanse, positiv personleg utvikling og ei velutvikla demokratisk forståing og deltaking.

## OVERORDNA MÅLSETJINGER

1) Alle barn og unge som oppheld seg i kommunen skal få lik tilgang til alle forebyggande tenester som så skal tilpassast den enskilde sitt individuelle behov

2) Alle barn og unge som viser teikn til sjukdom eller adferdsendring skal få tilbod om undersøkjing, diagnostisering og behandling eller andre nødvendige tiltak.

- 3) Alle barn og unge som lever under forhold som kan gi skade, skal ha målretta forebyggande og behandlande tiltak for å kunne ha så god helse og oppvekstvilkår som råd.
- 4) Alle som arbeider med barn og unge skal ha kunnskap om barn og barns helse og åtferd, samt tilgjengelige tenester, slik at dei kan iverksetje nødvendig handling når eit barn har særskilde behov.
- 5) Synleggjere utfordringar, metodar og tiltak relatert til førebyggande arbeid for politikarar og andre, i høve etablering av kunnskap og realistiske forventningar.

## DELMÅL FOR DEI ULIKE FAGAVDELINGANE

### **HELSE**

- Foreldre opplever meistring i foreldrerolla.
- Foreldre, barn og ungdom opplever den forebyggande helsetenesta som eit lavterskelttilbod og som eit ledd i ei tverrfagleg og heilskapleg tiltakskjede.
- Folkehelseaspektet er eit sentralt element i all kommunal planlegging.
- Miljøretta helsevern sikrar at barn og unge har eit godt oppvekstmiljø.
- 100% deltaking i helsestasjon og skulehelsetenesta og 95% vaksinasjonsdeking for alle tilbodne vaksiner i barnevaksinasjonsprogrammet.



## TANKELESE

- Vere samarbeidspartner i folkehelsearbeidet; helseopplysning og haldningsskapande arbeid.
- Arbeide tverrfagleg slik at barn og unge med særskilde behov blir ivaretatt på ein tilfredsstillande måte.

## SKULE

- Barn og unge skal få kunnskap om sosiale speleregler og gode samværsformer. Dei skal få innsyn og trening i temaet, for å kunne utvikle forståing og gode, etiske haldningars.
- Barn og unge skal oppleve meistring, som gjer dei til trygge menneske. Dei skal utfordrast på eigne val og handlingar, bygd på sunne, etiske verdiar.
- Barn og unge skal få kunnskap om og forståing for konsekvensar av å leve i eit demokrati, med dei plikter og det ansvar dette medfører.

## PPT

- Vil på **systemnivå** ta opp med *pedagogisk personale* i barnehage/ skule
  - relasjonen og samspelet si betyding for barnet si læringsutvikling
  - tilknytingsproblematikk og konsekvensar av det
- Ta opp med *foreldregruppa* i barnehage/ skule
  - betydninga av bevisst og kjærlig grensesetting i heimen
  - betydninga av foreldra si oppfølging av barna sin læringsprosess
- Vil på **individnivå** sikre at *barn/elev* med særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, får sin rett etter §5-7 og §5-1 i opplæringslova.

## BARNEHAGE

- Visjon for barnehagane i Herøy er: Beste plassen å vere – beste plassen å lære. Dette tyder for barnet:
  - Oppleve å bli sett, hørt og vist respekt
  - Verte sett på som eit sjølvstendig individ, skapande og kompetent med evne til å lære.
  - Jammleg få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd i samsvar med alder og modning.
- Barnehagen skal vere ein arena for leik, læring, omsorg, humor, glede og kultur.

- Barnehagen skal gi alle barn eit grunnlag for identitetsbygging, meistring og sosial kompetanse.
- Legge til rette for at dei som treng tilpassa opplæring, får det.

## KULTUR

- Skape rusfrie og trygge møteplassar i nærmiljøet.
- Sikre born og ungdom stadar for kreativ, kulturell og fysisk utfalding i samvær med andre i same aldersgruppe.
- Styrke ungdomen si deltaking og innverknad i samfunnsutviklinga.

## BARNEVERN

- Barnevernet skal sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse eller utvikling, får nødvendig hjelpe og omsorg til rett tid. Bidra til å gje det enkelte barn gode levekår og høve til utvikling ved råd, rettleiing og hjelpetiltak.
- Forebygge omsorgssvikt, avdekke og redusere skaden av omsorgssvikt.
- Alle undersøkingar i barnevernet skal etter at meldinga er gjennomgått, oppstartast snarast og avsluttast innan 3 månadar (i særlege tilfelle 6 månader).
- Ingen barn skal, etter at vedtak er fattat, vente meir enn 6 veker på tiltak. Etter vedtak er fattat skal det utarbeidast tiltaksplan.
- I følgje barnevernslova kan tiltak som er iverksett før ungdom er fylt 18 år, oppretthaldast eller erstattast av andre tiltak inntil ungdomen har fylt 23 år, dersom den unge samtykker.

# STRATEGIAR FOR MÅLOPPNÅING

- 1) **Organisasjon og samhandling.**  
Alt fagpersonell som arbeider med barn og ungdom, skal ha ein felles kunnskapsbase om barns utvikling, helse, levekår og ulike kulturar. Det skal utviklast eit program som i tillegg skal sikre kunnskap om gjeldande loverk og faglege retningslinjer. Barn og unge sine behov skal stå i sentrum ved utvikling av strukturar for organisering og samhandling.
- 2) **Kunnskap og kompetanse**  
Krav til kompetanse for spesialpersonell skal defineraast. Ved fastsettjing av kompetansekrav i fagavdelingane, skal ein sjå dette opp mot den tilgjengelege kompetansen i organisasjonen samla sett. Det må leggjast til rette for å nytte kompetansen på tværs av fagavdelingar. Det skal utviklast kunnskap til å sjå, kunnskap og mot til å handle, samt kunnskap om metode for å handla. Det vil vere behov for ei dynamisk kompetanseutvikling, i forhold til å kunne anvende ny og forskingsbasert kunnskap.
- 3) **Openheit og lavterskel**  
Det må utviklast fagleg samansette og kompetente lavterskeltilbod som har tillit i lokalmiljøet generelt, og hos dei unge spesielt. Tilboda bør i all hovudsak vere gratis. Det må vere open og målretta informasjon om tilboda og korleis ein kan nytte dei.

HELESTRATEGISKE TILTAK FOR VALGOPENNING				
TILTAK	MÅLGRUPPE	ANSVAR	TID	KOMMENTAR
Interkommunale samarbeidsmøter helsesøstre	Alle helsesøstre i helsestasjon, skulehelseteneste og hfu	Leiane helsesøster	Min x 2 pr år	I Kvalitetslosen
Interkommunale samarbeidsmøter Barnevernteneste	Alle i barnevertnesta ..	Leiar barnevern ..		I Kvalitetslosen
Tverrfaglege samarbeidsmøter	Barnevern, PPT og helsestasjon, legetenesta og tannhelsetenesta.	Helsestasjon	1-2t x 1 pr mnd	Kommunalt, men også saman med Bup x 1-2 i året
Samarbeidsmøter med Bup, barn i forskulealder	Helsestasjon. Familiar med behov for rettleiing	Helsestasjon	2t X 1 pr mnd	I Kvalitetslosen
Kartlegge kompetansen hos tenesteytarane, gjere dette kjent for kvarandre	Alle fagavdelingar	Personalavdelinga	Haust 09	
Etablere felles rutiner for oppfølging av personvernnet	Alle fagavdelingar	Avdelingsleiarane	Haust 09	I Kvalitetslosen
Etablere felles rutiner for å avdekke svikt på tenestemråda	Alle fagavdelingar	Avdelingsleiarane	Haust 09	Skal vurderast opp mot Kvalitetslosen. Avviksmodulen.
Kurs / Kompetanseheving om barn og unge	Alle avdelingane	Styringsgruppa		Lik kunnskap og forståing
Møte i styringsgruppa, forebyggande arbeid for barn og unge	Barn og unge	Leiar i styringsgruppa	4 møte pr år	Oppfølging og revisjon av planen, gjennomgang av avvik.

FELLES TVERRFAGLEG SAMHANDLING						
Primærforeb. tiltak	Sekundærforeb. tiltak	Tertiærforeb. tiltak	Målgruppe	Ansvar	Tid	Kommentar
	PMTO, foreldrerettleiling	-->	Foreldre til barn med adferdsproblem frå 3-12år	Helsestasjon PPT Barnevern	2t/veke x 6 veker	Samarbeid om fordeling av barnefamiliane *Foreløpig ikkje oppstarta
	Tidleg intervensjon for ungdom i risikosona		Ungdom som droppar ut	SLT- koordinator		Interkommunalt tiltak
Utekontakt			Ungdom frå 13-25 år	Ungdoms- teamet	Fredag- og laurdag kveld	Interkommunalt tiltak
	Ansvarsgruppe Individuell plan	->	Barn/ungdom med behov for koordinerte tenester	Alle avdelingane	Oppstart v/behov, møter x 2 årleg	Tverrfagleg
Tverrfaglege team i skule/barnehage			Barn 0-16 år	Skule Barnehage	4g pr år, og ved behov	Same person frå helse, ppt, barneværn med kvar gong. *Foreløpig ikkje oppstarta
	Rådgivningsgruppa "Barn i krise"	-->	Fagpersonell	Alle fagavd.	Ved behov	
Rusforebyggande tiltak		-->	Gravide, spe- og småbarns- foreldre	Alle fagavd.	Ved behov	Eigen handlingsplan
"Valdi i nære relasjoner"	-->	-->	Alle barn og foreldre	Alle avdelingane		Eigen handlingsplan under utarbeiding.

				Interkommunalt samarbeid
--	--	--	--	--------------------------

HELSE						
* desse punkta gjeld også barn og unge over 5 år						
	Sekundærforeb. tiltak	Tertiærforeb. tiltak	Målgruppe	Ansvar	Tid	Kommentar
<b>Primaærforeb. tiltak</b>			Alle gravide	Jordmor Lege	Etter nasj. retrings -linjer	Valfritt tilbod Valfritt om ein vil gå til jordmor eller lege Gratis
<b>Svangerskaps- omsorg</b> Tilbod om svangerskapskontr. Foreldreførebuannde kurs	→		Alle gravide m/ partner	Helseøster Jordmor	2t x 4	Samarbeid med fysioterapeut m.m.
<b>Helsestasjons- program 0-5år</b>			Alle barn og foreldre	Helseøster Lege	Fra fødsel til skule- start	Rettleiar IS-1154
Barnevaksinasjon			Alle barn under skulealder	Helseøster Smittevern- lege	Fra 3mnd	Nasjonalt barnevaksinasjons- program
Gratis Hepatitt-B vaksinasjon for definerte grupper 0-20år *			Barn og unge fra andre land eller fødde av utanlandske foreldre	Helseøster Smittevern- lege		Nasjonale retningslinjer
Gruppe-konsultasjon			Foreldre og spedbarn (4 og 8 mnd)	Helseøster		Nettverkskapande (berre Myrvåg helsestasjon)
Tilvising til fastlege og/eller spesialist- helsetjeneste *	→		Barn med behov for utgreiing, behandling og oppfølging	Alt helsepersonell	Ved behov	

Tilvising ppt, fysio, psykolog (evt andre kommunale tenester), samt tannhelseneste *	-->	Barn med behov for utgreiling, behandling og oppfølging	Alt helsepersonell	Ved behov	
Melding til barnevern *	-->	Barn og ungdom; der ein har bekymring for alvorleg omsorgssvikt	Alt helsepersonell	Ved behov	Lov om barnevern Helsepersonelloven
Særskild helsekartlegging av grupper barn *		Barn i flyktning- og asylsøkjefamiliar, adoptivbarn	Lege Helsesøster	Etter ankomst til Norge	Nasjonale retningslinjer
Særskilt og målretta tiltak	-->	Premature barn, barn med funksjonshemming, barn med alvorlig/kronisk sjukdom eller skade	Fastlege Helsesøster	Ved behov	Nasjonale retningslinjer
<b>Skulehelse-teneste 6-20 år</b> Helseopplysning og undersøking ved skulestart, 3., 6., 7., 8., 10. grunnskuletrinn, 1., 2. og 3. vgs Vaksinasjon		Alle barn og ungdom i grunn- og vidaregående skule	Helsesøster Legge	Rettleiar IS-1154 Kunnskapsløftet (Rundskriv F-12-08)	Nasjonalt
		Alle barn i	Helsesøster		

Trefftid i ungdoms- og vidaregående skule →		grunnskulen	Smittevern- lege	Helseøster	2t /veke	barnevaksinasjons- program Lavterskeltilbod
Samtale og ekstra-oppfølging av einskilde elevar →		Alle ungdomar i grunn- og vidaregåande skule	Ungdom med ulvida behov	Helseøster	Ved behov	
<b>Helsestasjon for ungdom</b> →	ICDP, foreldre- rettleiing	Ungdom 13-20 år	Helseøster Lege	Helseøster Flyktинг- konsulent	2t/v 2t x 12 saml.	Lavterskeltilbod Gratis Programmet er eigna for alle foreldre.
<b>Foreldreretta tiltak</b>	→	Foreldre med spesielle utfordringar (eks. innvandrer-familier)	Foreldre/familiar med utvida behov	Helseøster	V/behov i samråd med foreldre 2t/veke x 6 veker	
Ekstra-konsultasjonar og foreldre-rettleiing		Foreldre til barn med åtfærdsproblem frå 3-12år	Helseøster Jordmor			Mellom anna frå Shdir, Fhi, interesseorg., Mmm.
PMTO, foreldre- rettleiing →		Alle barn, ungdom og foreldre	Helseøster Leg			
Helseopplysning gjennom brosjyrer og anna skriftleg materiell		Lærarar, førskulelærarar, assistenter	Helseøster Leg	Ved behov	Ofte i samarbeid med andrelinjeteneste/ fastlege	
<b>Smittevern</b>	Info og opplæring til personell i skule og barnehage om m.a. sjukdom, behandling og					

Synfaring og tilråding om godkjenning av skular og barnehagar	tilrettelegging.		Alle skulebygg og barnehagar	Kommune-overlegen Leiane helseøster	Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler
---	------------------	--	------------------------------	--	--

TANNHELSE						
Primærforebi. tiltak	Sekundærforeb. tiltak	Tertiærforeb. tiltak	Målgruppe	Ansvar	Tid	Kommentar
Gi instruksjon i tannpuss og rettleiing i kosthald			Småbarnsforeldre Barnehagar Ungdom	Tannpleiar Tannlege	Jamt, samtidig med innkalling individ.	I samarbeid med helsestasjon. Individuelle og i grupper.
	Syte for naudsynt oppfølging av barn og unge med m.a. kroniske sjuk og funksjonshemming			Tannlege Tannpleiar	Ved behov	Tverrfagleg samarbeid
	Vidare oppfølging av enkeltpasientar			Dei som ikkje møter til avtalt time	Tannpleiar	Event. i samarbeid med barnevern
	Tilvising til anna fagpersonell, ved mistanke om rusproblem, psykiske vanskar, m.m.					Tverrfagleg samarbeid
Pusseprosjekt i barnehagar				Tannpleiar		
Tannhelseopplæring i skulen			Barn og unge	Tannpleiar	Etter avtale	

SKULE						
Primaærforeb. tiltak	Sekundærforeb. tiltak	Tertiærforeb. tiltak	Målgruppe	Ansvar	Tid	Kommentar
Haldningskapande arbeid ved bruk av aktuelle verktøy som MOT, Steg for steg, etc.			Barn og unge i skulealder og foreldre	Rektor	Kontinuerleg	Vurdere utviding av MOT-prosjektet til "MOT i lokalsamfunnet"
Utvikle sterke elevmedverknad og elevdemokrati, etablere vel fungerende elevråd på alle skular.			Barn og unge	Rektor	Kvar haust	Årlig brukarundersøking
		Leggje til rette særlege opplegg for dei som fell utanfor av sosiale og/eller faglege årsaker	Barn og unge i risikosone →	Skulesjef	Ved behov	
Utvikle trygge og tydelege leiarar, som rollemodellar og grensesetjarar.				Rektorar	Skulesjef	Kontinuerleg
Utvikle lærarar som har mot til å sjå enkeltleven, involvere seg og setje inn tiltak tidleg	Tilvising PPT, fysio psykolog (evt andre kommunale	→	Lærarar (Barn, unge og foreldre)	Rektor	Kontinuerleg	
			Barn med behov for utgreining, behandling og	Rektor	Ved behov	

	Melding til barnevern	tenester)		oppfølging		
	→			Barn og ungdom; der ein har bekymring for alvorleg omsorgssvikt	Rektor (lærar)	Ved behov

Primærforeb. tiltak	Sekundærforeb. tiltak	Tertiærforeb. tiltak	PPT	Målgruppe	Ansvar	Tid	Kommentar
Gi pedagogiske leiarar og vaksne i barnehage/ skule mot til å sjå det enkelte individet, ta ansvar og setje inn tiltak tidleg der det er nødvendig				Tilsette i barnehage og skule	PP-tilsette	Kontinuerleg	Prøve å vere modige og tydelege yrkesutøvarar som tør å prøve, feile og evaluere.
Vere enkelt tilgjengelig som refleksjonspartner og støtte for dei vaksne og for barnet				Tilsette og barn i barnehage og skule	PP-tilsette	Kontinuerleg	
Gi foreldra mot til å				Kalle inn til samtale ved uro for barn/elev	Tilsette i barnehage og skule Foreldre/	PP-tilsette	Ved behov Kontinuer-

Primaærforeb. tiltak	Sekundaærforeb. tiltak	Tertiærforeb. tiltak	Målgruppe	Ansvar	Tid	Kommentar
vere tydelege og trygge rollemodellar og grensesetjrarar for barna sine	Samtale/ reflektere i lag med eller halde kurs om foreldrerolla	Kalle inn til samtalé ved uro for barn/ elev	Foreldre/ føresette	PP-tilsette Foreldre/ føresette	Ved behov Ved behov	erleg

	Sikre økonomi og kompetanse slik at barn som treng ekstra hjelp får det.	Barn som står i fare for "feilutvikling"	Styrar Barneh..leiar Skuleleiar	Budsjett- arbeid	
Utvikle trygge og tydelege leiarar (gode rollemodellar)	Alle tilsette, og spesielt leiarane i barnehagane, utvikle mot og vilje til å sjå det enkelte barn, involvere seg og setje inn tiltak tidleg	→ Tilvising PPT, eventuelt andre tenester	Styrar Ped.leiar Alle tilsette Foreldre	Styrar Ped.leiar	Kontinu- erleg
	Melding til barnevernet		Styrar	Barn m/ behov for utgreiling og ekstra oppfølging	Leiarutvikling, styrarnettverk, dialog og rettleiing.
Primærforeb. tiltak	Sekundærforeb. tiltak	Tertiærforeb. tiltak	Målgruppe	Ansvar	Tid Kommentar

Fritidsklubb med null toleranse for rus.		13-19 år	Ungdoms- arbeidar	Kvar fredag
Nattcup		13- 19 år	Fritidsklubben	Annankv. mnd
Juniorklubb med tradisjonelle fritidsaktivitetar		5.-7.klasse	Ungdoms- arbeidar	2 gongar pr.mnd
Idrettspark		Barn og ungdom 10-20 år	Kulturavd.	Heile tida
Ungdommens kulturmønstring		10-20 år	Ungdoms- arbeidar	Åleg
Ungdomsrådet				Eitt møte pr.mnd
Korpsa i kommunen		Barn og unge	Styret for org.	Jamnt
Barnekora i kommunen		Barn og unge	Styret for org.	Jamnt
Barne- og ungdoms arbeidet		Barn og unge	Styret for org.	Jamnt
Tilrettelegging av idrettsanlegga og aktivitetsarenaene		Barn og unge	Ulike samarb. partnarar og kommunen	Jamnt
Melding til barnevernet		Barn og ungdom, der ein har bekymring for alvorleg omsorgssvikt	Leiarar i lag og organisasj- onar	Ved behov

Primærforeb.	Sekundærforeb.	Tertiærforeb.	Målgruppe	Ansvar	Tid	Kommentar
<b>BARNEVERN</b>						

<b>tiltak</b>	<b>tiltak</b>	<b>tiltak</b>	Barn og unge i alder 0-18 år	Tilsette i barnevernet Foreldre	Tiltak vert iverksett når vedtak og tiltaksplan ligg føre.	Iverksetting av tiltak vert gjort i samarbeid med foreldre/barn .
Ha tilgang på hjelpetiltak som er tilpassa det enkelte barn sine behov.	Hjelpetiltak: Førebygge problemutvikling ved iverksetting av hjelpetiltak.					
Samarbeide med BUF- etat om fosterheimar.	Omsorgstiltak som fosterheim, ungdomsheim.  Barn som er under omsorg skal ha tiltaksplan og omsorgsplán	Barn og unge i alder 0-18 år	Tilsette i barnevernet	Tiltak vert iverksett når sluttning frå fylkesne mnda ligg føre	Omsorgstiltak vert handsama i Fylkesnemnda .	
Ungdomsheim	Tiltak for ungdom med omfattande åtferdsvanska  Heimebaserte tenester som: MST(multisystemisk Terapi) FFT (Funksjonell Familieterapi)	Ungdom i alder 12-18 år	Tilsette i barnevernet-foreldre-ungdomen, BUF- etat	Når vedtak ligg føre og tiltaksplan	Bruk av tvang §4-24 vert handsama i Fylkesnemnda.  Heimebaserte teneste er tiltak frå BUF-etat	

	Samarbeidsrutine for å sikre overgang til vaksen alder, som bustad, arbeid, utdanning, økonomi	Ettervern	Ungdom i alder 18-23 år.	Tilsette i barnevernet og ungdomen	Vedtak og tiltaksplan med klagerett	
	Familieråd: målsetting er å mobilisere familien sine egne ressurser og evne til problemlysing		Familie med barn i alder 0-18 år	Tilsette i barnevernet-familien- Fagteamet ved BUf- etat	Etter behov	Eit tiltak frå BUf- etat. Familien får oppnemnt eigen koordinator.
	Barnevernet skal følge med å sikre gode oppvekst- og levekår og sikre rettstryggleik for barn, unge og familiene .		Samsfunnet Kommunestyret	Tilsette i barnevernet		
	Barnevernet skal bidrage til å styrke tverrettatleg samarbeid mellom barnevern og andre tenestetilbod for utsette barn, unge og familiene .		Fagpersonell	Tilsette i barnevernet		
	Informasjonsmøte til skule og barnehage om meldeplikta når		Tilsette i skule og barnehage	Tilsette i barnevernet	To gonger i året, eller ved	

ein er bekymra for barn og unge. Informere om barnevernet sine arbeidsmetode.			behov.	
Prosedyrehandbok som inneholder internkontroll, sakshandsaming rutine og handlingsplan for fosterheimsarbeidet i Herøy kommune.	Tilsette i barnevernet	Prosedyrehandboka vert lagt i Kvalitetslosen		
	Godkjenning av fosterheimar og føre tilsyn med fosterbarn som er plassert i kommunen	0-18 år Tilsette i barnevernet og omsorgskom munen	Ved behov	
	Adopsjonssaker Utarbeider sosialrapport ,med innstilling. Ansvar for etterrapport	Tilsette i barnevernet	Når søknad ligg føre	

**Internkontroll:**

- 1) Oppfølging av status på tiltak i samband med styringsgruppemøta.

- 2) Årleg revisjon av planen.
- 3) Ansvarleg: Leiar for styringsgruppa

Siste revisjon: Mars 2009



## Avdeling for Barn, Familie og Helse

### SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2015/1161
		Arkiv:	F40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/15	Komite for Helse og omsorg	10.09.2015
10/15	Komite for oppvekst	23.09.2015

### FØREBYGGANDE ARBEID FOR BARN OG UNGE

#### Tilråding:

Saka vert tatt til vitande

Særutskrift:  
Skuleleiar  
Barnehageleiar  
Kulturleiar  
NAV leiar  
Barn- familie og helseleiar

**Møtebehandling:**

Leiar for avdeling for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen og skuleleiar Sølvi L. Remøy orienterte.

**Vedtak i Komite for oppvekst - 23.09.2015**

Saka vert teke til vitande.

**Møtebehandling:**

Barn-, familie- og helseleiar Inger Marie Tofthagen orienterte.

**Vedtak i komite for helse og omsorg 10.09.2015.**

Saka vert teke til vitande.

**Vedlegg:**

Notat om førebyggande arbeid for barn og unge.

**Saksopplysningar:**

Det førebyggande arbeidet for barn og unge har i mange år vore prioritert i kommunen. Styringsgruppa for arbeidet har sett at det no var behov for ei evaluering av området for å justere kurset noko.

Notatet tek for seg historikken for det førebyggande arbeidet i kommunen fram til i dag og skisserar og den vidare organiseringa på området.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ynskjer å fylje opp saka i samsvar med notatet.

Fosnavåg, 28.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Inger Marie Tofthagen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen



# Førebyggande arbeid for barn og unge

## 1. Innleiing

Kommunen har gjennom mange år arbeidd aktivt med førebyggande arbeid for barn og unge. Arbeidet har vore evaluert undervegs, og det har då også vore naturleg å justere kursen noko. No står ein igjen ved eit slikt vegskilje og vil i den samanhengen også oppsummere hovudpunktene i det som har skjedd så langt.

## 2. Historikk

Styringsgruppa for førebyggande arbeid for barn og unge har vore i arbeid i fleire år. I K-sak 45/01, i samband med handlingsprogram 2001-2004, vart det avsett midlar som skulle vere til rådvelde for gruppa. Seinare har det vore nytta psykiatrimidlar og andre prosjektmidlar til felles tiltak.

Rusførebyggande tiltak og haldningsskapande arbeid har hatt sterkt fokus. MOT-programmet i ungdomsskulen var lenge det dominerande tiltaket innanfor den økonomiske ramma styringsgruppa disponerte.

Styringsgruppa har vore samansett av leiarar frå dei ulike fagavdelingane i kommunen, som har ein funksjon mot barn og unge. Dette har vore Helse, Skule/PPT, Barnehage, Kultur og Barnevern/sosial. Samarbeidspartnarar har vore Politi, Tannhelse og Interkommunal styringsgruppe for førebyggande arbeid.

Gruppa fungerte i fleire år som eit samarbeidsorgan for prosjekt og tiltak i det førebyggande arbeidet, med utveksling og erfaringar, tankar og idéar.

## 3. Evaluering i 2008

I januar 2008 kjende ein behov for å konsolidere status. Det vart stilt spørsmål ved om gruppa faktisk var ei styringsgruppe, eller om det kun var eit informasjons- og samrådingsorgan. Ein stoppa derfor opp, skaffa seg oversikt over prosjekt og tiltak, samt reflekterte over vegen vidare. Det var nødvendig å gjere denne vurderinga for å skape engasjement for ei eventuell vidareføring av arbeidet.

I denne prosessen var ein bevisst på følgjande:

- Det foregår svært mykje førebyggande arbeid retta inn mot barn og unge. Noko er universelle tiltak, t.d. haldningsskapande arbeid og rettleiing i svangerskapsoppfølgjing, helsestasjon, skulehelsetenesta, skular og barnehagar, idrett og frivillige lag og organisasjoner. Noko er selekerte tiltak, der ein arbeider mot spesielle grupper i høve ein oppstått situasjon eller eit problem. Noko er indikerte tiltak, der ein set inn tiltak overfor enkeltpersonar eller mindre grupper for å avgrense følgjene av eit problem.
- Fagavdelingane har for dårleg kunnskap om kvarandre sine lovverk og ansvarsområde, mål og tiltak.

- Det førebyggande arbeidet generelt, og det universelle spesielt, vert lite snakka om og gjort kjent både politisk og administrativt.
- Det er fleire tverrfaglege nettverk som er i gang, nokre fungerer svært godt, andre kan kanskje effektiviserast eller samordnast med andre.

#### **4. Prosess mot ny felles plattform**

Med bakgrunn i refleksjon, bevisstgjering og ny kunnskap, bestemte styringsgruppa seg for å ta eit langt steg vidare i det førebyggande arbeidet. Ein ville utarbeide ein felles plan for det førebyggande arbeidet, med felles, overordna mål og strategiar. Dei ulike fagavdelingane sine mål og tiltak skulle bygge opp under og henge saman med desse.

Dette arbeidet hadde ikkje vore gjort før, og det vart ein møysommeleg og svært lærerik prosess. Fagavdelingane har i prosessen lært kvarandre å kjenne på ein ny måte. Ein har fått god oversikt, respekt for kvarandre sitt arbeid, og kjennskap til ansvars- og arbeidsområda i eit breiare perspektiv. Eini har sett behovet for samordning og målretting på fleire område, og har generelt fått større forståing for verdien av det førebyggande arbeidet. Samtidig har ein med seg erkjenninga av at effekten av det universelle arbeidet, kan vere vanskeleg å måle. Likevel kan ein ikkje unnlate å arbeide på dette området, med tanke på at behovet for selekerte og indikerte tiltak då vil kunne bli langt større.

Prosessen gav erkjenninga av at det var på høg tid ein fekk utarbeidd denne felles plattforma som planen vart, nettopp for å vite om kvarandre og i langt større grad arbeide tverrfagleg for å oppnå endå betre resultat.

#### **5. Plan for førebyggande arbeid**

«Plan for førebyggande arbeid 2009-2012» vart lagt fram for kommunestyret for handsaming i K-sak 57/09.

Planen viser breidda i det universelle arbeidet i kommunen, der det viktigaste er å legge til rette for eit godt oppvekstmiljø for barn og unge.

I tillegg viser planen det selekerte og indikerte arbeidet, der ein synleggjer det sterke og tverrfaglege apparatet som skal stille opp og setje inn tiltak for dei barn og unge som får vanskar og slit med livet sitt, samt gripe inn når barn og unge lid overlast.

Planen er styringsgruppa og kommunen sitt overordna arbeidsverktøy i det samla førebyggande arbeidet. Han forpliktar i forhold til felles kompetanseutvikling, tverrfagleg samhandling og felles rutiner for å fange opp og for å handle.

Planen har seinare vorte revidert årleg, i tillegg til at han har vore tema på alle møte i styringsgruppa.

I revisjonen gjort i januar 2011, klargjorde kvar fagavdeling kva ein hadde lykkast med og kvar utfordringane låg. Planen vart lagt fram for kommunestyret på nytt, samstundes med at kommuneoverlege og skuleleiar presenterte status og utfordringar for oppvekstmiljøet i kommunen.

## **6. Nytt vegskilje i 2014**

På nytt står styringsgruppa ved eit vegskilje. I samband med årleg revisjon av planen, ser ein at det gjerne er detaljane i dei like avdelinga som vert «flikka på», i staden for dei overordna linjene. Det er no behov for ein grundigare revisjon av planen, der ein går tilbake til start og ser på både overordna mål, strategiar og felles utfordringar.

Gruppa har endra deltakarar, sett i forhold til starten. Dette har både med behov for fagkompetanse og omorganisering i kommunen å gjere. Gruppa er no stor og ulikt sett saman, med fleire frå somme avdelingar og færre frå andre. Ein må medgi at gruppa ikkje alltid er like effektiv.

Styringsgruppa har bestemt å la ei mindre gruppe vurdere status og kome med framlegg til ny organisering av gruppa. Inger-Marit Tofthagen, Eileen Gjerde og Sølv Lillebø Remøy vart oppnemnt. Desse la fram eit forslag til restrukturering av organiseringa. I møte har styringsgruppa vedteke å følgje forslaget.

## **7. Ny organisering**

### **7.1. Generelt**

I staden for ei, stor styringsgruppe vert det no oppnemnd to grupper; ei strategisk styringsgruppe og ei faggruppe. Den strategiske styringsgruppa skal bestå av leiarane innan dei ulike fagavdelingane, medan faggruppa skal vere samansett av fagpersonar som arbeider direkte med barn og unge. Saman vil desse gruppene utfylle kvarandre og arbeidet vil verte meir effektivt og til det beste for barn og unge.

### **7.2. Strategisk styringsgruppe**

Deltakarar i gruppa: leiarane for barnehage, skule, kultur, barn-, familie og helse og NAV. Denne gruppa skal danne basis for strategisk arbeid, og kan innhente kompetanse frå andre fagområde frå sak til sak.

#### **Mandat**

- Stake ut den overordna strategien for det førebyggande arbeidet for barne og unge
- Setje konkrete mål for arbeidet
- Innhentet tilstrekkeleg informasjon om oppvekstmiljøet og utfordringar, til å kunne legge klare mål og strategiar framover
- Legge forslag til mål og strategiar fram for faggruppa (sjå under), for involvering og forankring - og for at desse igjen kan utarbeide handlingsplanar.

### **7.3 Faggruppa**

Deltakarar i gruppa: Fagleiarar frå avdelingane som arbeider med barn og unge. Denne gruppa kan etablerast med utgangspunkt i ei allereie eksisterande gruppe; samarbeidsgruppa for barnevern, PPT og helsestasjon. Gruppa skal utvidast med representantar frå andre aktuelle fagavdelingar, som skule, barnehage , kultur og NAV.

#### **Mandat**

- Vere med på drøfting av mål og strategiar,
- Utarbeide handlingsplanar med konkrete tiltak, på bakgrunn av vedtekne mål og strategiar
- Sikre kvaliteten på dei tverrfaglege tenestene, ved jamn oppfølgjing og kompetanseutvikling.

#### **7.4.Felles**

Møtefrekvens: Begge gruppene skal ha minst 2 møte per år, oftare ved behov og i særlege arbeidsprosessar. Gruppene skal vidare ha minst eitt felles møte pr.år, for avklaringar og prioriteringar. Dei felles møta kan leggast i for- eller etterkant av dei spesifikke gruppemøta.

Endringa skal skje frå 2015. På første møte skal kvar av gruppene velje ein leiar. Strategisk styringsgruppa har allereie hatt sitt første møte, og har vald Inger Marie Tofthagen som leiar.

Strategigruppa skal starte med å evaluere og revidere dei strategiske satsingane og måla i Handlingsplan for førebyggande arbeid 2012-2015. Dette arbeidet vil for fullt starte opp hausten 2015.. Det er innkalla til felles møte mellom gruppene 24. august 2015.

Faggruppa startar med å evaluere tiltaka for sine avdelingar, samt drøfte kvalitet og område for forbetring i dei tverrfaglege teama i barnehagar og skular.

## **8. Avslutning og vegen vidare**

Dette notatet skal leggast fram for Komite for oppvekst og Komite for helse og omsorg til orientering. Ein skal der også be om tilbakemelding frå komitéane på korleis dei vil verte informert om det vidare tverrfaglege arbeidet.

07.juli 2015

Inger Marie Tofthagen